

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET

- Tid: Tysdag 31.oktober 2023 kl 1600 – kl 1815
- Stad: VØR sine lokale i Torvmyrane 29
- Disse møtte:
 - Faste medlemmer: Jan Henning Egset, Toril Hasfjord Bjørneset, Ingvild Aasen, Eldar Engelund og Ingebjørg Osdal.
 - Pauline Vartdal Vinjevoll melde forfall. Vara kunne ikkje møte.
 - Kristin Riise melde forfall. Vara kunne ikkje møte.
 - Olav Hope melde forfall. Børge Bornstein møtte som vara.
- På vegne av styret møtte leiar Hallvard Bjørneset. Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.
- Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Eldar Engelund og Ingvild Aasen vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, som omfatta sakene 05-23 til og med 09-23.

Rep.sak: 05-23. Dagleg leiar sin rapport

Vedtak 6 røysteføre:

Representantskapet tek dagleg leiar sin rapport til orientering

Dagleg leiar orienterte m.a. om desse sakene:

- Omorgansiering i VØR
- Innsamling og status for drifta
- Større pågåande tiltak
- Samarbeid med naboselskapa

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak nr 06-23 Strategiplan for Volda og Ørsta Reinhaldsverk 2024-2027

Vedtak 6 røysteføre:

Representantskapet godkjenner Strategiplan for VØR for 2024-2027, slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak nr 07-23 Budsjett 2024 og fastsetting av betalingssatsar for renovasjon og slam

Vedtak 6 røysteføre:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1. Med heimel i §34 i Lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, vedtek Kommunestyret dei satsane for renovasjon- og slamgebyr i Volda og Ørsta for 2024 som er gitt i vedlagt prisliste.
2. Vedtaket i punkt 1 er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak nr 08-23 Rett klageorgan i VØR. Avklaring av ønskt løysing og prosess

Vedtak 6 røysteføre:

1. Representantskapet tek til vitende at Sivilombodet finn at styret i VØR ikkje kan vere klageorgan for enkeltvedtak fatta av VØR sin administrasjon.
2. Representantskapet ber styret i VØR syte for at det vert igangsett eit arbeid med revisjon av den lokale renovasjonsforskrifta, med sikte på å innarbeide i vedtektene at der skal vere eit eige klageutval for VØR.
3. Fram til den reviderte forskrifta er på plass, skal klager på administrative vedtak handsamast av eit utval på tre personar samansett av medlemmer frå representantskapet i VØR. Når det nye representantskapet konstituerer seg på første møte i 2024, skal slikt mellombels klageutval også oppnemnast.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rep.sak nr 09-23 Referatsaker

Vedtak 6 røysteføre:

Representantskapet tek referatsakene til orientering

Desse referatsakene vart lagt fram på representantskapsmøtet:

- 9A: Forbehandling av matavfall - samarbeidsavtale om utgreiing
- 9B: Godkjent årsrekneskap – frå Brønnøysundregistrene

Ingvild Aasen

Ingvild Aasen

Jan Henning Egset
Leiar

Eldar Engelund

Eldar Engelund

Hans Peter Eidseflot
Dagleg leiar